



FYLKESMANNEN I ROGALAND

Helse- og sosialavdelinga

Vår ref.: 06/3311
Arkivnr.: 462.2

Dykkar ref: 200601236-/AO
Vår dato: 19. april 2006

Det kongelege helse- og omsorgsdepartement
Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

UTKAST TIL VEGLEIAR OM STØYVURDERING VED ETABLERING AV NÆRMILJØANLEGG - HØYRING.

I eit folkehelseperspektiv er det viktig å stimulere til meir fysisk aktivitet for barn og ungdom, og Fylkesmannen meiner at ballbingar og andre nærmiljøanlegg er viktige tiltak for dette. Me ser at ein både politisk og administrativt vanlegvis ønskjer å vise slike stor velvilje i slike saker, men at dette kan paradoksalt nok medføre dårlagare planlegging av nye tiltak, - noko som kan bli forsterka når kommunen både er tiltakshavar og godkjennande instans.

Det ligg i sakas natur at nærmiljøanlegg ofte blir plassert i eller nær boligområde, som derfor kan bli påført ulemper både med støy, trafikk og evt. parkering i boliggater. Fylkesmannen er samd i at slikt må avklarast i forkant med plan- og bygningslova (tbl., jfr. khtl. § 1-4), fordi det er så ressurskrevande og problematisk å rette på ulemper i etterkant med kommunehelse-tenestelova kap. 4a (khtl.). Fylkesmannen meiner at utkastet (ss. 2-6) gir god rettleiing om kva ulemper som må bli vurdert lokalt i kvart enkelt tilfelle.

Me meiner at utkastet (ss. 6-7) bør vere tydelegare på tilrådde grenser for maksimalstøy:

- a) Ei grense på 60 dBA (s. 7 2. avsnitt) ser ut til å vere i samsvar med retningslinene for støy i arealplanlegging (T-1442), som øvre grense for "gul sone". Men derfor bør utkastet også vise til T-1442 og sitere deler av avsnitt 3.2.1 i det om arealbruk i gul sone, fordi så mange av dei som kjem i kontakt med vegleiaren ikkje kjenner T-1442.
- b) Me veit at ballbingar m.v. ofte er særleg mykje i bruk i rekreasjonstid, dvs. ettermiddagar, kveldar og søndagar/helgedagar. Men denne rekreasjonstida er også viktig for folk som bur i grannelaget, og som derfor naturleg nok har lågare tålegrense for støy då enn på vanleg dagtid. Fylkesmannen er derfor skeptisk til å opne for opptil 70 dBA frå ballbingar i rekreasjonstid. Utkastet bør problematisere dette tydeleg og ikkje bare omtale dei økonomiske kostnadene, fordi s. 7 3. avsnitt elles lett kan bli praktisert altfor liberalt – jfr. 1. avsnitt i dette brevet.
- c) Utkastet drøftar (s. 6 4. avsnitt) aktivitet om natta kl 2300-0700 på ein god måte, men bør også opplyse om kva grenser for maksimalstøy ein må halde då, jf T-1442. Det er rimeleg at slike anlegg bør vere stengde om natta når målgruppa er/bør vere i seng.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
Postboks 59 4001 Stavanger	Lagårdsv. 78 Stavanger	51568700 51568811	postmottak@fmro.no www.fylkesmannen.no/rogaland	Lagårdsv. 80 Postboks 59 4001 Stavanger	51568700 Telefaks: 51568811

Fylkesmannen er glad for at utkastet understrekar så tydeleg

- at ein ballbinge skal behandlast etter reglane i pbl.,
- at kommunehelsetenesta skal takast med på råd tidleg i saksbehandlinga (khtl. § 1-4) for å førebyggje rettingskrav i etterkant, og
- at kommunelegen si skriftlege tilråding alltid skal følgje saka i vidare behandling.


Det blir først og fremst eit ansvar for kommunale plan- og bygningsmyndigheitar å sikre ei slik forsvarleg saksbehandling, og me trur at dette vil spare samfunnet for eindel svært slitsame og ressurskrevande rettingssaker etter khtl. kap.4a.

I opplistinga av vurderingsfaktorar (s. 7 5. avsnitt) bør også nemnast trafikale faktorar som parkeringspress og trafikk til/frå på smale lokalvegar.

Utkastet drøftar (s. 7 siste avsnitt) det at nokre ballbingar kan reknast som mindre tiltak. Her kan formuleringa "*fare eller urimelig ulempe*" gi grunnlag for større lokale tolkingsvariasjonar utan god nok underlagsdokumentasjon, jf våre merknader i 1. avsnitt ovanfor. Dette gjeld viktige tiltak i sårbare nærmiljøområdeområde, og Fylkesmannen meiner at vegleiaren bør konkretisere kva vurderingar som må ligge til grunn for ei slik vurdering. Teksten kan også forsterkast med å legge til eitt ord, slik at det blir "åpenbart ikke fører til fare eller urimelig ulempe"

Vegleiaren ser ut til å kunne fylle viktige behov, og me ser fram til å få den.

Med helsing



Ole Mathis Hetta
fylkeslege, avdelingsdirektør



Torleiv Robberstad
ass. fylkeslege

Saksbeandler: Torleiv Robberstad
Saksbeandlerars telefon: 51 56 87 58
E-post: torleiv.robberstad@fmro.no